



Arkivnr: 2016/34293-30
Saksbehandlar: Beate Bergsholm

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		31.05.2018

Sal av Kvam bompengeselskap AS

Samandrag

Sal av aksjar i bompengeselskapa i Hordaland, Hordaland fylkeskommune eig, aleine eller saman med andre, til Ferde AS er ei oppfølging av Meld. St. 25 (2014-2015) «På rett veg – reform for vegsektoren». Tilbodet frå Ferde AS gjeld dei opphavelige 10 selskapa Hordaland fylkeskommune eigde då reforma vert vedteken av Stortinget i 15. juni 2015.

Hordaland fylkeskommune eig 53,33% (16 aksjar) i selskapet, og salet omfattar heile aksjeposten i Kvam bompengeselskap AS. Resten av aksjane i selskapet er eigd av Kvam herad. Hordaland fylkeskommune føreset at dei andre eigarane sel sine aksjar til Ferde AS slik at heile selskapet kan verte fusjonert inn i det regionale bomvegselskapet så snart som råd.

Fylkesrådmannen rår til at aksjane i Kvam Bompengeselskap AS vert selt for kr 196 800.

Økonomi: Hordaland fylkeskommune har gjeve garantiar for lån i selskapet, desse vert handsama i eigen politisk sak. Sal av aksjane vil føre til endringar i balanseførte verdiar. Gevinst frå salet vert å setje på ubundne fond.

Klima: Aksjesalet har ikkje påverknad på klima

Folkehelse: Aksjesalet har ikkje påverknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Aksjesalet har ikkje påverknad på regional planstrategi.

Forslag til vedtak

1. Tilbodet frå Ferde AS om kjøp av fylkeskommunen sine aksjar i Kvam Bompengeselskap AS vert godtatt og salet av aksjane kan verte gjennomført.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere aksjekjøpsavtalen med Ferde AS.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 09.05.2018**Bakgrunn**

Hordaland fylkeskommune etablerte, saman med Sogn og Fjordane, Rogaland, Aust og Vest Agder, i 2016 Ferde AS (tidlegare Sørvest bomvegselskap AS), som ein konsekvens av Meld St. 25 (2014-2015) «På rett veg – reformer i vegsektoren». Stortingsmeldinga omhandlar mellom anna reformer i bompengesektoren og stortinget slutta seg til regjeringa sitt forslag 15.juni 2015. Det er i stortingsvedtaket lagt opp til ein overgang til eit fåtal bompengeselskap. Stortinget meiner at færre bompengeselskap kan bidra til auka profesjonalitet i sektoren både når det gjeld innkrevjinga og finansforvaltninga.

Ferde AS blei etablert i 2016 og har etter dette gjennomført grundige prosessar i forkant av det tilbodet om kjøp av aksjane i bompengeselskapa som hittil har vore eigd av kommunar og fylkeskommunar i dei fem fylka. Tilbodet omfattar ti selskap i Hordaland. Vi syner til vedlagte tilbod og reviderte tilbod frå Ferde AS.

Sal av aksjar er gjennomført i følgjande selskap:

1. Bergen Bompengeselskap AS
Sal vedteke i fylkestinget i Hordaland fylkeskommune 12.12.2017 i sak 122/2017
2. AS Austevoll bruselskap
Sal vedteke i fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune 01.02.2018 i sak 12/2018
3. Bergen – Os Bompengeselskap AS
Sal vedteke i fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune 01.02.2018 i sak 11/2018
4. Askøy bompengeselskap AS
Sal vedteke i fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune 01.02.2018 i sak 21/2018.

Lovgrunnlag

Det er aksjelova som regulerer sak av aksjar i aksjeselskap. Salet av aksjane i bompengeselskapa vert gjennomført etter gjeldande lov og reglar.

I følgje delegasjonsreglementet i Hordaland fylkeskommune er det fylkesutvalet som fattar vedtak i saker som gjeld sal av aksjar innanfor ei ramme på 2 millionar kroner. Delegasjonsreglementet seier at salsutbyttet vert å setja på ubundne fond. Rammene gjeld for det enkelte kjøpet/salet.

Fylkesutvalet er eigarutval i Hordaland fylkeskommune og handsamar såleis saker som gjeld eigarforhold i ulike selskap.

Om salet

Kvam Bompengeselskap AS vert selt så snart som råd og i samsvar med tilbod frå Ferde AS. Salet omfattar heile aksjeposten på 102 aksjar og har ein pris på kr 196 800, jf revidert tilbod frå Ferde AS via Kluge advokatfirma dagsett til 15.november 2017.

I av Kvam bompengeselskap AS

KVAM BOMPENGESELSKAP AS

Selskapet vert foreslått selt i fylkesutvalsmøte 31.mai 2018

Organisasjonsnummer: 988 781 525
 Adresse: Grovagjelet 16, 5600 Norheimsund
 Stifta 06.09.2005
 Dagleg leiar/kontaktperson: Oddvar Brakestad (jf Brønnøysundreg)
 Arkivnummer
Eigarar:
 Hordaland fylkeskommune 53,33% (52 aksjar)
 Kvam herad 46,67% (14 aksjar)

Aksjekapital: kr 300 000
 Eigenkapitalprosent: 0,1%

Styre:		<u>Varamedl:</u>
Styreleiar:	Alexander Fosse Andersen	Dag Rune Mo
Nestleiar	Oddvar Brakestad	Heidi Sandven Botnen
	Anne Grete Berge	Martin H Vik
	Frode Nygård	Ronny Samland
	Kari Sørensen Bernardini	Arne Opsahl-Engen

Styrets samansetning slik det er meldt til Brønnøysundreg per 03.05.2018

Godtgjersler til styret:

Hordaland fylkeskommunes eigarrepresentasjon:

Hordaland fylkeskommune har fleirtal i styret.

Selskapets føremål:

«Føremålet til selskapet er å stå for bompengefinansiering/ oppkrevjing til finansiering av aktuelle vegprosjekt i Kvam herad i samsvar med vedtak i Stortinget og avtale med Statens vegvesen.»

Nøkkeltal for selskapet:

Eigenkapital: kr 364 000
 Driftsinntekter: kr 31 257 000
 Årsresultat: kr 0
 Likviditetsgrad: 1,37

Nøkkeltal for Hordaland fylkeskommune:

Bokført verdi på aksjar: kr 159 990
 Lånegarantiar: kr 370 000 000

Fylkesrådmannens vurdering av Hordaland fylkeskommunes eigarskap:

Hordaland fylkeskommune sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter; å medverke til at vedtatt bompengefinansiering i samsvar med gjeldande bompengeproposisjon vert følgt, samt at innkrevjing og forvaltning av bompengane skjer i samsvar med gjeldande regelverk.

Fylkeskommunen har garantiansvar for selskapet sine lån, og det er derfor ein medviten eigarstrategi å inneha aksjefleirtalet – for å sikra seg at økonomiske disposisjonar i selskapet ikkje set den fylkeskommunale garantien i fare.